# OVERFØRING

## EI FRAMSYNING OM PSYKOTERAPI

Basert på psykolog Marit Råbus intervju med eldre kolle

Til teater ved Tyra Tønnessen



DET NORSKE TEATRET



**FOTO** Fin Serck-Hanssen
Bilda er tatt i prøveperioden
**GRAFISK FORMGJEVING** Making Waves
**TRYKK** Print House



# OVERFØRING

## EI FRAMSYNING OM PSYKOTERAPI

Basert på psykolog Marit Råbus intervju med eldre kollegaer.
Til teater ved Tyra Tønnessen

Åse **WENCHE MEDBØE**
Anne Marie **BRITT LANGLIE**
Gerd **GRETHE RYEN**
Thorfinn **KAI REMLOV**
John **TORALV MAURSTAD**
Oddvar **ERIK HIVJU**

Regissør og scenograf **TYRA TØNNESSEN**
Scenograf og kostymedesignar **LEIKO FUSEYA**
Lysdesignar **TORKEL SKJÆRVEN**
Lyddesignar **VIBEKE BLYDT-HANSEN**
Koreografisk assistanse **BELINDA BRAZA**
Dramaturg **INGRID WEME NILSEN**

Inspisient **EMILIA DACZKOWSKA WIST**
Produksjonsmedarbeidar **HEIDI PEDERSEN JOR**
Rekvisitør **TONE BERNHOFT OSA/HELGE FYKSE**
Parykkmakar og maskør **ELISABETH SKAUBAKKEN ANDRESEN**
Lysmeister **OLE RANDERS**
Scenemeister **KALLE VON HIRSCH**
Kostymekoordinator **BENEDICTE FOLKMAN**

**Det Norske Teatret i samarbeid med Nationaltheatret**

**URPREMIERE 22. FEBRUAR 2017 PÅ SCENE 2**

## OVERFØRING – FRÅ FORSKING TIL TEATER

Framsyninga *Overføring* er basert på stoff frå eit forskingsprosjekt om korleis den første generasjonen norske psykoterapeutar ser tilbake på yrkeslivet sitt og livet generelt, og korleis dei to har farga kvarandre. Det er psykolog og førsteamanuensis ved Universitetet i Oslo, Marit Råbu, som står bak studien, der 13 pensjonerte psykoterapeutar har blitt intervjua om liv og yrkesval. Korleis har det å arbeide meir enn 40 år som psykoterapeut påverka livet? Kva har det gitt? Kva har det kosta? Var det verdt innsatsen? Korleis har det prega dei som menneske?

Erfaringane som kjem til uttrykk i framsyninga er henta frå forskingsmaterialet, men stoffet er omarbeidd. Dei seks karakterane er fiktive nyskapingar, og kvar er sett saman av materiale frå fleire av dei 13 intervjua. Informantane har fått høve til å lese og kommentere første utgåva av manuskriptet, før skodespelarar og regissør har arbeidd vidare med stoffet, mellom anna gjennom improvisasjon.

## OVERFØRING

Uttrykket *overføring* er eit av dei mest sentrale omgrepa i psykoanalysen. Det handlar om korleis pasienten umedvite overfører kjensler ho eller han tidlegare hadde til for eksempel foreldra, over på terapeuten.

Tidlege og grunnleggjande erfaringar, særleg i relasjon til viktige omsorgspersonar, formar forventningane våre i møte med nye menneske, og slik blir fortid og notid vovne saman. Slike forventningar bidrar til gjentakingar og mønster i relasjonar, og kan hindre oss i å oppfatte og vurdere røyndommen omkring oss. Desse fenomena er allmenne, og oppstår i større eller mindre grad i alle nære relasjonar.

*Motoverføring* handlar om dei kjenslene pasienten vekker hos terapeuten.

Bruk emneknagg #detnorsketeatret og #nationaltheatret
for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

FØLG OSS

Facebook: detnorsketeatret
Twitter: @detnorsketeatre
Instagram: #detnorsketeatret

www.detnorsketeatret.no
**BILLETTLUKA:** 22 42 43 44

AkerBP OBOS